

From: Torill Monstad <Torill.Monstad@vlfk.no>

Sent: Friday, 12 June 2026 14:07:53

To: Torill Monstad <Torill.Monstad@vlfk.no>

Cc: Sølve Dag Sundbø <Solve.Dag.Sundbo@vlfk.no>; Heidi Bjønnes Larsen <Heidi.Bjonnes.Larsen@vlfk.no>

Subject: Utlysning av tilskot til hurtigladeinfrastruktur for elektriske personbilar og tunge køyretøy for 2026 - søknadsfrist 17. august 2026.

Hei alle gode samarbeidspartnarar!

Hovudutval for næring vedtok denne veka føringar for tilskot til hurtigladeinfrastruktur for elektriske personbilar og tunge køyretøy for 2026. Sjå utgreiing i politisk sak 37/2026 på [Utvalsmøte](#).

Føringane er blant anna basert på innspel frå dykk.

Vestland fylkeskommune har sett av ca kr 3.680.000 til hurtiglading for elektriske køyretøy/personbilar og kr 6.800.000 til hurtiglading tunge køyretøy for 2026.

Søknadsfrist er 17. august 2026.

I 2026 skal prioriteringa for hurtiglading for personbilar vere å betre dekninga i distrikta i Vestland med dårleg ladetilbod. Det er eit fokus på å gjere regionar mindre sårbare, både gjennom å oppgradere hurtigladarar med låg kapasitet, og å etablere hurtiglading på nye lokasjonar.

Lokasjonar som til dømes er spesielt aktuelle å motta søknader på i 2026 er:

- Bømlo: Moster og Finnås
- Høyanger: Høyanger sentrum, Bjordal/Ortnevik
- Kvam: Strandebarm og Ålvik
- Bremanger: Davik
- Stad: Selje
- Vik: Vik
- Stryn: Olden, Innvik, Utvik
- Gulen: I hovudsak knytt til ferjeområda/Rutledal/fylkesveg 57
- Hyllestad: fylkesveg 57, fylkesveg 607
- Gloppen: fylkesveg 615, Hyen, Hope

I 2026 skal prioriteringa av hurtiglade-infrastruktur for tunge køyretøy vere i områda rundt innfartsårene til byane, sentrale strekningar, samt strategiske industri- og næringsområde, for å sikre berekraftig verdiskaping. Desse skal utfylle Enova sine prioriterte strekningar, slik at dei supplerer og ikkje konkurrerer med Enova si ordning.

Sjå link til sjølve utlysinga:

[Tilskot til hurtigladeinfrastruktur for elektriske køyretøy og tunge køyretøy 2026 - Vestland fylkeskommune](#)

I tillegg til støtte til hurtigladeinfrastruktur, gir fylkeskommunen òg støtte til normalladarar ved reiselivsdestinasjonar.

Her er det ingen søknadsfrist. [Tilskot til normalladarar ved reiselivsdestinasjonar i Vestland - Vestland fylkeskommune](#)

Minner òg om at Enova har mange støtteordningar knytt til blant anna tunge køyretøy.

Sjå: [Støttetilbud innen landtransport | Enova](#)

Her kan bedrifter få støtte til alt frå forprosjekt for planlegging av innkjøp av elektrisk køyretøy og ladar, bedrifts/depotlading, innkjøp av elektriske tunge køyretøy osv.

I forbindelse med revidert statsbudsjett, er det lagt inn ekstra midler til innkjøp av elektriske tunge køyretøy.

Erfaringa er at Enova sine støtteordningar ikkje varar så lenge, så det er viktig å nytte ordningane medan dei faktisk eksisterer.

Ta gjerne kontakt og ha ein dialog med oss + del gjerne informasjon til relevante aktørar i dykkar nettverk.

Med helsing

Torill Monstad

seniorrådgjevar

seksjon for grøn næringsinfrastruktur

avdeling for næring, plan og innovasjon



Tlf: 988 40 112

www.vlfk.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.